



Forskrift om skule- og feriedagar for elevar skuleåret 2024-2025 i Sirdal kommune

Heimel: Fastsett av Sirdal kommune, utval for oppvekst og levekår mars 2024 med heimel i lov 9.juni 2023 nr. 30 om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslov) §14-2 andre ledd.

§1 Føremål og verkeområdet

Forskrifta gir informasjon om skule- og feriedagar for elevane skuleåret 2024-2025. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette skuledagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskular i Sirdal kommune.

Forskrifta angir lokale variasjonar i skule- og feriedagar for den enkelte skulen i §3.

§2 Skule- og feriedagar skuleåret 2024-2025

Dato	Hending
15. august	Første skuledag
30. september til 4. oktober	Hautferie
31. oktober	Fridag
1.november	Fridag
23. desember – 5. januar	Juleferie (første skuledag 6. januar)
17.-21. februar	Vinterferie
14.-21. april	Påskeferie
1.mai	Fridag
29. mai	Fridag (Kristi Himmelfartsdag)
30. mai	Fridag
9. juni	Fridag (2. pinsedag)
20. juni	Siste skuledag

Skulane fastset ekstra undervisningsdagar for elevane i 1.-4. klasse for å fylle krav til timetal for småskulen, grunna skulefri onsdagar. Skulane informerer elever og føresette.

§3 Lokale variasjonar

Sinnes skule følgjer skuleruta til Rogaland, jamfør vedtak i Utval for oppvekst og levekår 10.06.2015 (PS 15/47).

For elevane ved Sinnes skule gjeld følgande endringar i forhold til oversikt i §2:

- * Elevane har ein ekstra skuledag i august i forbindelse med overnattingstur
- * Hautferie 7.-11. oktober, i staden for 30. september – 4. oktober
- * Vinterferie 24.-28. februar, i staden for 17.-21. februar.
- * Elevane har fri 2.mai.

Skulane kan gjera unntak frå §2 om skule- og feriedagar i særlege tilfelle, til dømes grunna skuleturar.

§4 Iverksetting og opphøyr

Denne forskrifta trer i kraft august 2024 og gjeld til juli 2025.